

Julefestar om ei veke

19.12.2014



Dei 2 tradisjonelle julefestane i bygda vert avvikla laurdag og sundag - 27. desember på bedehuset og 28. desember på Vonheim. Programmet er det tradisjonelle begge stader og festane vert sikkert høgdepunkt i jula både for eldre og yngre.



På bedehuset vert det innslag av Hobbyklubben og song av tårnagentane og gullivergjengen. Gerd Helene Christiansen skal spela fiolin og syngja og det vert andakt ved Anne Christine Christiansen.

På Vonheim vert det som vanleg tale og leikar og nissen kjem nok også i år.

Festane startar klokka 17 på bedehuset og 18 på Vonheim.

Bileta er frå juletrengangen under festane i fjor, med Vonheim over.

TEKST, foto og nett: Ola Matti Mathisen

